



Tingvoll, 27.3.2023


Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
[sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no)

**ETTERSENDING AV OPPLYSNINGAR -  
KLAGE PÅ VEDTAK - R-317 Detaljregulering for Løkkemyra handelspark II, vedtatt reguleringsplan**

Dykkar ref. 2023/1495.

I saka vedkomande detaljregulering for Løkkemyra handelspark II er det lagt ein del vekt på eit avbøtande tiltak i form av tilrettelegging når det gjeld hekketilhøve for fiskemåke. Dette skal skje ved Vollvatnet.


Vi har i vår klage peika på nokre sider ved denne delen av vedtaket som kan gjere det usikkert om det reelt er eit avbøtande tiltak, og om det vil ha tilstrekkeleg verknad. I ettertid har vi blitt merksame på endå ein faktor som påverkar føresetnaden for dette tiltaket. Vollvatnet inngår i eit statleg sikra friluftslivsområde:



Så fann vi ei sak i fylkeskommunen 14.3.2023 om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde, KNF 0043/23:

<b>Røssern – Vollvatnet – Kvernberget - Infotavle og oppgrdering av tursti</b>	KRISTIANSUND KOMMUNE	kr 160 000
<b>Rørsethorn parkering - Rørsethorn</b>	MOI DE KOMMUNE	kr 500 000

Vi veit ikkje nærare kva oppgradering av tursti i dette høvet kan tyde. Men stien mellom Røssern og Kvernberget ser ut til å vere den som går mellom Vollvatnet og Nydammen. Oppgradering av stien og meir gangtrafikk i dette området treng ikkje vere særleg foreinleg med hekkesuksess for fiskemåke ved Vollvatnet.



Å kompensere med tilrettelegging ved Vollvatnet for det som blir borte ved Stabeldammen kan ikkje reknast som kompensasjon om Vollvatnet er disponert for friluftsliv av eit visst omfang.

Vi ber om at dette momentet blir tatt med når klaga skal vurderast.

Med helsing

Øystein Folden  
Fylkessekretær